

Velkommen til

«Framtid for fjorden?»

Vevring laurdag 1.juni kl 12.00



1. «Fjordfiskarens Festbord»: sjømat, apellar, kultur

2. Fagseminar; Miljø og samfunnsøkonomisk perspektiv på Engebøsaka og gruveavfall i fjorden

3. Førdefjorddebatten, Politikarpanel; Fjorden som avfalls plass?

Høyr politikarane, før du stemmer i haust!



Dei reine, fiskerike, norske fjordane representerer evige og sjølvfornyande verdiar om rett forvalta. Kjølege og friske fjordar er grunnlag for villaksen, for ei rekkje andre fiskeslag og marine artar, som viktige gyte- og oppvekstplassar. Fjordane er eit grunnlag for Norge som ein av dei fremste sjømatnasjonane i verda. Fjordane er unike, internasjonale naturfenomen, og er to gonger valt til fremste reisemål i verda. Fjordane er grunnlag for næring, arbeidsplassar og busetjing. Korleis sikre desse verdiane også for framtidige generasjonar?

No ynskjer gruveøringa å bruke dei verdskjende norske fjordane som utsleppstad for hundrevis av millionar tonn kjemikalieblanda gruveslam, og Mineralstrategien som regjeringa nyleg la fram, opnar for utslepp til fjord.

Internasjonalt lovverk og praksis tilseier ivaretaking av dei marine ressursane - største matfatet i verda, som dertil er sjølvfornyande. Kun 3 land i verda, utanom Norge, har framleis aktive utslepp av gruveavfall til sjø: Papua New Guinea, Tyrkia og Indonesia. Papua New Guinea sende i januar 2013 lovreform på høyring: "Skal vi forby dumping av gruveavfall i sjø?" Tyrkia avviklar sjødeponi omkring 2019.

Skal Norge og Indonesia snart vere åleine i verda om å tillate utslepp av gruveavfall i sjø?



Program: «Framtid for fjorden?»

Politikarane kjem sjøvegen til stor mottaking på kaia:

Kl 12.00 "Fjordfiskarens festbord". Smak sjømatrettar, ausa frå Førdefjorden.

Apellar: Johs B Thue, skribent, professor i historie. Natur og Ungdom

Kultur: Thea Hjelmeland: "My fjord", Konsert med Decibel; største lydhorn i verda.

Oddvar Torsheim: "La fjorden leve"-nett. Kunstutstillingar m.m.

Kl 13.00 Fagseminar: Miljø og samfunnsøkonomisk perspektiv på Engebøsaka og utslepp av gruveavfall i fjorden.

- Gruvenæring – mineraleventyr eller naturrasering?
V/ Lars Haltbrekken, leiar i Naturvernforbundet
Bergindustrien si rolle i berekraftig framtid.
v/ Elisabeth Gammelsæter, generalsekretær i Norsk Bergindustri
- Kva tåler ein fjord? Om økosystemet i Førdefjorden, inkl spekkhoggarane.
V/ Jan Helge Fosså, havforskar ved Havforskningsinstituttet
- Viser Nordic Mining sitt rutilprosjektet samfunnsøkonomisk lønsemd?
V/ Finn Førsund, professor i samfunnsøkonomi UIO
- Er gruveæring miljøvenleg distriktsutvikling? Byggjer minerala samfunn?
V/ Karl Erik Dahl, professor i urbanisme, Arkitektthøyskolen Oslo
- Norge, fremste sjømatnasjon i verda; kan gruveutslepp og fiskeri gå i lag?
V/ Jan Henrik Sandberg, Norges Fiskarlag

Kl 16.00- 18.00 Førdefjorddebatten. Politikarpanel;

Skal gruveindustrien få bruke fjordane som avfalls plass for gruveavfall?

Kl 19.00 Festkveld: Visjonar. Mat, drikke, dikt og musikk.

F J O R D A K S J O N E N F J O R D A K S J O N E N

Kl 16.00- 18.00 Førdefjorddebatten: Politikarpanel

Det er Stortingsval i år, hør politikarane før du stemmer:

- Skal gruveindustrien få bruke fjordane som avfallsplass for gruveavfall?
- Korleis sikre dei reine, fiskerike fjordane, som Førdefjorden for framtida, samt Noregs omdøme som sjømat-, reiseliv- og miljønasjon?
- Skal alt av mineral hentast ut i vår tid, kva med komande generasjonar?
- Kva med nullvisjon for gruveavfall, ved bruk og tilbakefylling?



Kl 19.00 Festkveld: Visjonar. Mat, drikke, dikt og musikk.

Arr:



Norges
Naturvernforbund
Friends of the Earth Norway



NATUR OG
UNGDOM

Vedlegg: biletpresentasjon og lekkjer.

F J O R D A K S J O N E N F J O R D A K S J O N E N

Sjå biletpresentasjon v / fotograf Wim Lassche;

Vevring og Førdefjorden:

<http://vimeo.com/40552488>

*Vevring, den internasjonalt kjende kunstbygda, ligg ved foten av Engebøfjellet. Første og siste bilete syner utsikta oppe frå Engebøfjellet, rett ned på ei levande bygd, med hus og heimar, barnehage, skule, kyrkje, butikk, hamn, badestrand og ei rekkje kulturminne – berre nokre hundre meter frå eit omsøkt storskala, ope dagbrot. Ikkje gruve, men dagbrot, fordi det er billegast og gjev mest avkastning for investorane.

*Alle bilete frå Førdefjorden, er frå området der det er søkt utslepp av mellom anna fleire hundre millionar tonn kjemikalieblanda gruveslam, 11 tonn kvart minutt, dag og natt i 50 år. I dag er der eit yrande liv, der torsk og kveite gyt, der nise og spekkhoggarar bryt bylgjene, der oter, hegre og havørn finn sitt rike matfat; slik fjordfolket også har gjort det til alle tider.

*Kva vil støy, støv, sprengingar frå ope dagbrot, og dumping av fleire hundre millionar tonn kjemikalieblanda gruveslam gjere med folk, natur og eksisterande naturbaserte næringar?

*Er det samfunnsøkonomisk lønsemd i gruvedrift basert på, ikkje dei beste for samfunnet, men dei billegaste løysingar for investorane?

Lekkjer:

Vevring og Førdefjorden Miljøgruppe: <http://www.fjordaksjonen.org/>

Kunstbygda Vevring: <http://www.vevringutstillinga.no/>

F J O R D A K S J O N E N F J O R D A K S J O N E N